




# Kva er status i arbeidet med førebygging av vald og overgrep mot barn og unge i Vestland?

Oppsummering frå kartlegging blant tenesteleiarar med ansvar for  
tenester til barn og unge i Vestland, november 2021.



## Kva er status i arbeidet med førebygging av vald og overgrep mot barn og unge i Vestland?

Vald og overgrep mot barn og unge er eit stort samfunnsproblem. Om lag eitt av tjue barn veks opp under forhold prega av vald. Det å vekse opp med vald, overgrep og omsorgssvikt aukar risikoen for alvorlege fysiske og psykiske helseplagar, [les meir på nettsidene til Barne- ungdoms- og familie direktoratet \(Bufdir\)](#). Eit av regjeringa sine prioriterte område er å førebygge vald og overgrep mot barn og unge, [les meir i Frihet fra vold](#).

I 2021 fekk Statsforvaltaren i oppdrag å undersøke status knytt til det valdsførebyggande arbeidet. I november 2021 sende vi ut ei kartlegging til alle tenesteleiarar i Vestland med ansvar for tenester der dei møter barn, unge og foreldre. Vi fekk svar frå kommunalsjefar for oppvekst, helse, sosial og barnevern, tenesteleiarar for Nav, praktisk pedagogisk teneste (PPT), barneverntenesta, helsestasjon, skule, barnehage, rus og psykisk helse, skulehelsetenesta, krisesenter, flyktingetenesta og koordinerande eining. 518 tenesteleiarar svara på kartlegginga. Vi fekk svar frå alle dei 43 kommunane.

Målet var å kartlegge i kva grad [Opptrappingsplan mot vald og overgrep](#) (2017-2021) er kjend, og om kommunane har laga planar for arbeidet med å førebygge vald og overgrep mot barn og unge. Vidare om dei valdsførebyggande verktøya «[Snakke med barn](#)» og «[Jeg vet](#)» er tatt i bruk. Vi spurte òg leiarane om deira vurdering av kompetanse og opplæringsbehov blant deira tilsette, og om dei meiner at dei treng meir støtte til arbeid med førebygging av vald og overgrep, og om kva bistand og kompetanse dei eventuelt ser behov for.

I det følgjande er ei oppsummering av svara vi fekk frå dei 518 leiarane frå Vestland.

## Tenesteleiarar manglar kjennskap til handlingsplan mot vald i nære relasjonar

I *Opptrappingsplanen mot vald og overgrep (2017-2021)* og handlingsplanen *Frihet fra vold (2021-2024)* oppfordrar regjeringa kommunane om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

I Vestland svara om lag halvparten av tenesteleiarane som svara på kartlegginga at dei var kjent med at kommunen hadde ein handlingsplan for å førebygge vald i nære relasjonar. To tredjedelar av leiarane svara at dei anten ikkje viste om kommunen hadde ein plan, eller at dei ønskte meir kjennskap til innhaldet planen. Berre 10 av 518 tenesteleiarar svarer at dei har delteke i prosessen med å utarbeida handlingsplanen.


3. Har du kjennskap til om kommunen din har ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar?

● Ja	322
● Nei	196



4. Kjenner du til innhaldet i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar?


● Ja	171
● Nei	208
● Noko, men ynskjer meir	129
● Ja, har vore med å utarbeida pla...	10



## Fleirtalet har rutinar for å oppdage og følgje opp vald og overgrep

Dei fleste tenesteleiarane svara at dei har rutinar på arbeidsplassen for korleis dei kan oppdage og følgje opp vald og overgrep mot barn og unge. Det var 54 leiarar som svarte at dei ikkje har, eller ikkje veit om dei har rutinar for å oppdage og følgje opp vald og overgrep og 113 svara at dei arbeider med å utarbeide slike rutinar.

8. Har eininga di eller arbeidsplassen din rutinar for korleis du kan oppdage og følgje opp vald og overgrep mot barn og unge?




## Tenestene har planar for det valdsførebyggande arbeidet framover

Dei fleste tenestene har planar om tiltak i det valdsførebyggande arbeidet framover. Dei som ikkje har planar seier dei ikkje har kome i gang etter koronapandemien, at dei er i tvil om korleis arbeidet skal gjerast, medan nokon ventar på beskjed og plan frå leiinga. Tenestene er på ulike stader i arbeidet, og har dermed fleire ulike planar om tiltak. Dette kan vere å delta på kurs med opplæring i kommunikasjonsverktøy, utarbeide handlingsplan, gjere kjend innhaldet i handlingsplan mot vald og overgrep, prioritere temaet på planleggingsdagar og i avdelingsmøter, utarbeide strategi for plan og samarbeid med nabokommunar, ha individuelle samtalar om temaet med elevar og brukarar, og ha undervisning om temaet i skulen. I tillegg er det fleire som har planar om å implementere program og verktøy som [«Tidlig inn»](#), [«Jegvet.no»](#), [«Snakkemedbarn.no»](#), [«Stine Sofies barnehagepakke»](#) og [Redd Barna sitt opplegg «Kroppen min eier jeg»](#) og [«JegerHer»](#).

## Kjennskap til lovinnhald

Tenesteleiarane meiner at deira tilsette i stor grad kjenner til innhaldet i meldeplikta, opplysningsplikta, teieplikta og avverjeplikta. Fleire rapporterer at arbeidet med å auke kunnskap om aktuelle lovføresegner blir prioritert på blant anna personalmøte, planleggingsdagar, i undervisning og på kurs.

### 9. Di vurdering av tilsette sin kjennskap til lovinnhald



## Kompetanse i å snakke med barn om vald og overgrep

«Jegvet.no», «Snakkemedbarn.no», kurs i avdekkande samtaler og [konsultasjonsteam](#) er eksempel på verktøy og metodikk som kommunane seier vert nytta for å heve kompetansen på å snakke med barn og unge om vald og overgrep. Omtrent halvparten av tenesteleiarane svarar at dei har tatt i bruk eit eller fleire av desse, eller liknande verktøy på arbeidsplassen. Rundt 20 prosent har planar om å ta dei i bruk.

### 11. Har de tatt i bruk verktøy for å heve kompetansen i å snakke med barn og unge om vald og overgrep?



## Har kommunane teke i bruk dei digitale verktøya som er tilgjengeleg?

Av dei 518 leiarane svara over 400 av leiarane at dei tilsette ikkje hadde fått opplæring i verktøya «Jegvet.no» og «Snakkemedbarn.no». Dette tyder på at verktøya i relativt liten grad er tatt i bruk og implementert i tenestene. Mange av leiarane i dei tenestene som svarar at enten alle eller over halvparten av dei tilsette har delteke på kurs i verktøya, svarar at dei trur dei tilsette treng jamleg øving og oppfrisking av kunnskapen. Litt under halvparten av leiarane seier at alle eller nokre av dei tilsette i teneste deira har delteke på annan form for opplæring i å snakke med barn om vald og overgrep i løpet av 2020 og 2021. Dei nemner internopplæring i kommunen, eller i regi av BTI-nettverket, «Tidlig inn», KS og Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS).


15. Kor mange av dine tilsette har deltatt på opplæring i bruk av verktøyet "Jeg vet"?

● Alle	11
● Meir enn halvparten	14
● Under halvparten	38
● Ingen	455



17. Kor mange av dine tilsette har deltatt på opplæring knytt til verktøyet "SNAKKE"?

● Alle	27
● Over halvparten	25
● Under halvparten	52
● Ingen	414




## Leiarane meiner at dei tilsette har behov for kurs og opplæring for å auke kompetansen i arbeidet med å førebygge vald og overgrep

Dei fleste tenesteleiarane meiner at det er behov for jamlege kurs med førebygging av vald og seksuelle overgrep som tema, og at dette må prioriterast på lik linje med førstehjelp. Mange av dei opplever at dei mellom anna har hatt nytte av RVTS sine kurs om temaet. For at det skal bli lettare å delta på kurs er det forslag om å gjere kursa digitale og avgrensa i tid. Fleire ønskjer òg at det skal vere både tverrfaglege kurs, og eigne kurs for den enkelte tenesta. Det kom forslag om å arrangere fysiske samlingar kvart tredje år, som kan gi rom for tverrfaglege diskusjonar og samarbeid i arbeidet.

Fleirtalet ser eit behov for at kursa inneheld opplæring i dei allereie eksisterande kommunikasjonsverktøya «Jeg vet» og «Snakke med barn». I tillegg er det ein stor del som ønskjer opplæring i kva teikn og symptom dei skal sjå etter for å kunna avdekke vald og overgrep, og kunnskap om korleis dei skal handtere saka i etterkant. Det blir òg etterlyst meir kunnskap om førekomst og konsekvensar, traumearbeid, førebygging av valdsarv, og kunnskap om korleis dei spesifikt kan handtere valdsførebyggande arbeid i møte med ande kulturar, flyktningar og innvandrarak.

### 13. På kva område meiner du at dei tilsette i di eining har behov for kompetanseheving når det gjeld å førebyggje, avdekke og avverje vald og overgrep mot barn og unge?

● Kunnskap om førekomst og k...	130
● Kunnskap om teikn og signal ...	324
● Vite kva ein skal gjere	235
● Samtalekompetanse	315
● Innvandrarperspektiv	228
● Innhald i aktuelle lovføresegn...	128
● Bruk av verktøyet "Jeg vet"	203
● Bruk av verktøyet "SNAKKE"	203
● Implementeringsarbeid	118
● Har ikkje behov for kompetan...	22



## Leiarane meiner dei har behov for meir støtte i det valdsførebyggande arbeidet

I tillegg til at tenesteleiarane uttrykker behov for at det blir arrangert kurs og opplæring, er fleire som svarar at dei treng støtte i form av økonomiske stønader til frikjøp av personell slik at dei har tid til å delta på dei opplæringstilboda som finst.

Eit anna behov som fleire leiarar peikar på er eigne opplæringsprogram retta mot nye tilsette.

Nokon etterspør ein nettbasert læringsplattform som inneheld alt av undervisningsmateriell knytt til det førebyggande arbeidet, og som kan vere lett tilgjengeleg for alle kommunar og tenester.

Fleire av leiarane skriv at dei vurderer at dei allereie har mykje kunnskap og gode planar, men at hovudutfordringa er å få til ei god og grundig implementering, og at dette er avhengig av nok tid, ressursar og godt tverrfagleg arbeid.

Fleire leiarar meiner at eit viktig grep er å få støtte til å utforme og implementere ein heilskapleg handlingsplan på dette området, slik at det blir meir kontinuitet og systematikk i opplærings- og førebyggingsarbeidet. Nokre nemner samanhangen med det andre planarbeid i kommunen, og spesielt planen for førebyggjande arbeid som alle kommunar frå 2022 skal utarbeide, jamfør barnevernlova § 3-1.

Nokre leiarar foreslår å opprette eit forum kor kommunar på tvers kan samarbeida, formidla prosjekt og dela kunnskap knytt til dette arbeidet, noko som særleg gjeld for dei kommunane som er mindre og har færre ressursar.

## Lenkjer

[Opptappingsplanen mot vold og overgrep \(2017-2021\) - Regjeringen](#)

[Frihet fra vold – Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner 2021 – 2024](#)

[Vold og overgrep \(Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet\)](#)

[Meld fra om vold og overgrep mot barn og unge \(Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet\)](#)

[Oppvekststatus \(Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet\)](#)

[Opplæringsprogrammet Tidlig inn](#)

[Jeg vet.no](#)

[Snakke med barn](#)

[Stine Sofie Barnehagepakke \(Stine Sofies Stiftelse\)](#)

[Undervisning om vold og overgrep - Kroppen min eier jeg og #JegErHer \(Redd Barna\)](#)

[Konsultasjonsteam om vold og seksuelle overgrep mot barn \(RVTS Vest\)](#)